



Sweco Norge AS
Postboks 80 Skøyen
0212 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1084 - 19/21329

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.07.2019

Løyve til igangsetting av resterande arbeid Region Nordhordland Helsehus - gbnr 188/323 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 401/19

Tiltakshavar: Region Nordhordland Helsehus Iks
Ansvarleg søkjar: Sweco Norge AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av resterande del av tiltaket – etablering av Region Nordhordland Helsehus på eigedom gbnr. 188/323.

Kommunen har i vedtak av 10.07.17 gjeve rammeløyve for etablering av regionalt helsehus.

Kommunen har i vedtak av 30.10.18 gjeve igangsettingsløyve for rivingsarbeid på eigedom gbnr. 188/323.

Kommunen har i vedtak av 30.11.18 gjeve igangsettingsløyve for grunnarbeid på eigedom gbnr. 188/323.

Kommunen har i vedtak av 11.01.19 gjeve løyve til endring av rammeløyve for oppføring av Region Nordhordland Helsehus på eigedom gbnr. 188/323.

Kommunen har i vedtak av 21.01.19 gjeve igangsettingsløyve for betongkonstruksjonar råbygg på eigedom gbnr. 188/323.

Kommunen har i vedtak av 01.07.19 gjeve dispensasjon og løyve til justert plassering av bue i dekke over nedkøyringsrampe til parkeringskjellar.

Det er no søkt om løyve til igangsetting av resterande del av tiltaket. Søknaden er motteken 28.06.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.06.19 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.



VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn, jf gjennomføringsplan versjon nr. 8 datert 28.06.19.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av resterande arbeid i samband med etablering av Region Nordhordland Helsehus, heile tiltaket. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- Vedtak om dispensasjon datert 31.05.17 med vilkår gjeld for tiltaket.
- Rammeløyve av 10.07.17 med vilkår gjeld for tiltaket.
- Edringsløyve av 11.01.19 med vilkår gjeld for tiltaket.
- Dispensasjon og endringsløyve av 01.07.19 gjeld for tiltaket.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent påkoblingsløyve til offentleg VA-anlegg
2. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg
3. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
4. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
5. Rekkefølgekrev i reguleringsplan skal være oppfylt.
6. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1084

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Region Nordhordland Helsehus Iks	Postboks 13	5902	ISDALSTØ
Region Nordhordland Helsehus Iks	Postboks 13	5902	ISDALSTØ
Sweco Norge AS	Fantoftveien 14p	5072	BERGEN

Mottakarar:

Sweco Norge AS	Postboks 80 Skøyen	0212	OSLO
----------------	-----------------------	------	------